



Norconsult AS, VA-seksjonen
Postboks 1199
5811 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/177 - 19/14920

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
15.05.2019

Igangsettingsløyve for deler av tiltak midlertidig bussterminal og rundkjøring, samt permanent VA-anlegg - gbnr 188/741 mfl Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 288/19

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Norconsult AS, VA-seksjonen
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av midlertidig bussterminal og rundkjøring, samt VA-anlegg. Dei deler det søkast igangsettingsløyve for er markert i raudt på kart datert 29.04.19, mottatt 06.05.19.

Kommunen har i vedtak av 12.04.19 gjeve rammeløyve. Det vert elles vist til søknad motteken 06.05.19.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn. Ansvarleg søker har stadfesta at fagområdet geoteknikk for veganlegget kan leggest i tiltaksklasse 1, og kommunen har ingen kommentar til det. Det er ikkje sendt inn ein særskilt erklæring for dette.

Tiltaksplan

Tiltaksplan som er innsendt i saka er godkjent tidlegare i sak 18/3471. Kommunen har vurdert den som dekkande for store delar av godkjent tiltak. Vi har vidare vurdert det som lite sansynleg at området ved midlertidig rundkjøring og bussterminal skal være utsatt for forurensning, jf. måleresultatene i innsendt tiltaksplan.

Vi presiserer likevel at tiltakshavar er ansvarlig for at krav i mot forurensning i grunn tilfredsstillast, jf. byggtknisk forskrift § 9-3.



VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av deler av midlertidig bussterminal og rundkjøring, samt permanent VA-anlegg, på følgjande vilkår:

- Rammeløyve av 12.04.19 med vilkår gjeld for tiltaket.

Dei deler det vert gjeve igangsettingsløyve for er markert i raudt på kart datert 29.04.19, mottatt 06.05.19.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/177

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 41	5914	ISDALSTØ
VA-seksjonen Norconsult AS	Postboks 1199	5811	BERGEN

Mottakrar:

Norconsult AS, VA-seksjonen	Postboks 1199	5811	BERGEN
-----------------------------	---------------	------	--------